

Retningslinjer for kunst i offentlege rom i Sogndal kommune

Revidert i Utval for levekår 07.02.2024.

FØREMÅL

Føremålet med retningslinene er å bidra til at profesjonell samtidskunst pregar og forbetrar Sogndal kommune og at et allment publikum får oppleve kunst av høg kvalitet i møte med offentlege bygg og uterom.

Retningslinene skal stimulere til produksjon av kunstprosjekt av høg kvalitet og bidra til auka interesse for kunst som gjer samfunnet rikare, engasjerer og skapar refleksjon. Dei skal og bidra til nye arenaer for kunstopplevingar og samhandling, og sikre at born og unge får tilgang til kunst av høg kvalitet.

Retningslinene skal sørge for at forvaltning av kommunen si kunstsamling skjer på bakgrunn av kunstfagleg vurdering og kvalitetssikring, samt brukarane sine behov. Dette femner om innkjøpsprosessar i samband med utsmykking av offentlege bygg, byrom og andre uterom, mottak av gåver i form av kunst, støtte til kunstprosjekt i det offentlege rom og vedlikehald og handtering av kunstverka.

Føremålet med kunst i det offentlege rom er å:

- Bygge opp under Sogndal kommune sin kulturelle identitet gjennom kunst som rører, engasjerer og skapar undring.
- Bidra til fleire arbeidsoppgåver for profesjonelle kunstnarar.

KUNST I DET OFFENTLEGE ROM

1. Kva som vert regulert av retningslinene

- Ved nybygg, tilbygg eller ombygging av barnehagar, skular, institusjonar, kulturbygg, idrettsbygg, samfunnshus, kyrkjebygg og administrasjonsbygg skal det settast av midlar til kunst. Bygningar eller utbetringar av bygg som ikkje gjev vanleg tilkomst for publikum, t.d. garasje, eller utbetringar av bygningsmessige forhold som ikkje verkar inn på eller endrar det offentlege rom, så som utbetringar av t.d. røyropplegg og ventilasjon, er unnateke frå retningslinene med mindre det ligg føre særskilde grunnar til kunstutsmykking.
- Restaureringsprosjekt av bygg med ein historisk verdi eller med vernestatus er unnateke retningslinene, med mindre prosjektet også har i seg påbygg.

- Med kunst meiner vi her ei kvar form for visuell og audiovisuell kunst samt arbeid av biletmessig, skulpturell eller kunsthåndtverksmessig karakter. Kunsten kan plasserast både i og utanfor bygningen, eller være eit sjølvstendig kunstverk integrert i bygget. Ved nye eller restaurering/fornyng av eksisterande offentlege rom som plasser, torg, kaianlegg, grøntanlegg og friområde, skal ein og vurdere å sette av midlar til kunst.
- Retningslinene gjeld og for prosjekter som vert realisert som eit offentleg privat samarbeid (OPS), til dømes bygg som vert realisert i privat regi, men har ein offentleg funksjon der kommunen har forplikta seg til eit langsiktig leigetilhøve.

2. Økonomi

- Midlar sett av til bygg vert avgrensa til 1-2 %, vurdert ut frå kor representativt og profilert bygget/anlegget er. Summen vert rekna av entreprisekostnad inkl. mva. (Norsk Standard, NS3453, sum 1-7). Midlar til plasser, torg, kaier, grøntanlegg og friområde vert rekna som 1-2 % av brutto investeringsramme for prosjektet.
- Beløpet som vert sett av til kunst skal dekke alle utgifter i samband med kunstprosjektet, inklusive kostnader til montering og eventuell fundamentering, lyssetting og skilting, samt honorering av kunstkonsulent. Eventuelle konkurransekostnader skal og bli dekt av denne avsetninga.
- Det vert sett eit øvre tak for avsetning på kr. 3 000 000 for einskildprosjekt.
- Kommunedirektøren skal i framlegg til kommunens investeringsbudsjett kvart år kome med tilråding om kva for investeringsobjekt det bør settast av kunstmidlar til. Kommunestyret tek endeleg avgjerd i det årlege budsjettvedtaket.
- Der det er tenleg, skal det søkast om tilskot frå Kunst i offentleg rom (KORO). KORO kan dekke inntil 50 % av totalkostnaden i kommunale prosjekt. Ved tilskot frå KORO skal dette bidra til å dekke kunstprosjektet og konsulentane. Kommunen er arbeidsgjevar for kunstkonsulentar i prosjektperioden.

3. Forvaltning av retningslinene

3.1 Kommunen si rolle og oppgåver

- Utval for levkår vedtek retningslinene, og tek retningslinene opp til evaluering og revisjon ved behov.
- Sektor for plan og samfunn har det samlande og koordinerande ansvaret for den profesjonelle kunsten i dei offentlege miljøa i Sogndal.
- Ansvaret for prosess og gjennomføring av kunstprosjekt i Sogndal kommune ligg til kultureininga i sektor for plan og samfunn.
- Når midlane avsett til bygg er overført til ansvarsområdet sitt budsjett, nemner dei opp ein kunstkomité og set i gang prosessen med kunstprosjekta slik at arbeidet kan gå parallelt med byggeplanlegging og byggeprosess.
- Det skal utarbeidast ein brukar- og vedlikehaldsplan for alle utsmykkingsprosjekta.
- Kommunen skal aktivt søke å kommunisere kunstprosjekta til publikum.

3.2 Kulturrådet si rolle

Sogndal kulturråd er høyringsinstans for kommunen sitt planarbeid med kunst i offentlege rom, og nemner opp 3 representantar frå kulturrådet til kunstrådet.

3.3 Kunstrådet sitt mandat og rolle

- Kommunen nemner opp eit kunstråd som skal sikre at prosessane rundt kunst i offentlege rom i Sogndal skjer i høve retningslinene, på bakgrunn av kunstfaglege vurderingar og brukarane sine behov.
- Alle saker som handlar om utsmykking av offentlege rom, mottak av gåver i form av kunstverk og støtte til kunstprosjekt i offentlege rom skal handsamast av kunstrådet før endeleg avgjer.
- Kunstrådet har møte etter behov.
- Sogndal kommune sitt kunstråd vert sett saman av:
 - 3 representantar frå kommunen sitt kulturråd.
 - Kunstnarrepresentant nemnt opp av BKSF (Biletkunstnarane Sogn og Fjordane) og NKVN (Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge).
 - Kunstrådet vel sjølv leiar.
 - Tenesteleiar for kultur er sekretær for kunstrådet. Tenesteleiar kan delegere oppgåva.

3.4 Kunstkomité for kvart prosjekt

- Det vert vald ein komité for kvart bygge- eller anleggsprosjekt.
- Kunstkomitéen består av:
 - Innleigd honorert kunstkonsulent
 - Ein representant frå kunstrådet
 - Ein brukarrepresentant for det aktuelle bygget/anlegget. Dersom mottakaren er det ålmenne publikum, til dømes plassar og torg, peikar administrasjonen ut ein tenleg brukarrepresentant.
 - Prosjektleder for bygget/anlegget eller denne sin stadfortredar.
- Kunstkomitéen vert leia av innleigd kunstkonsulent.
- Kunstkomiteen vedtek ein kunstplan med budsjett for kvart prosjekt som vert lagt fram til orientering i *Utval for levekår*. Kunstplanen skal innehalde:
 - Omtale av bygget/anlegget, bruksfunksjonar og bruksrammer
 - Val av område (ute og inne) for utsmykking med grunngjeving.
 - Grunngjeving for val av kunstnar(ar)
 - I kva grad kunstprosjektet skal bli realisert med:

- Oppdrag til ein eller fleire namngjevne kunstnarar
 - Utskriving av konkurranse (open eller lukka)
 - Eventuelt kjøp av kunst
- Leiar av kunstkomitéen er ansvarleg for komitéen sine leveransar.
 - Ved like tal stemmer har leiar av komiteen dobbeltstemme.
 - Tenesteleiar for kultur er sekretær for komitéen. Tenesteleiar kan delegere oppgåva.
 - Kunstkomiteen utarbeider ein rapport for kvart gjennomført kunstprosjekt i det offentlege rom. Rapporten skal innehalde ei kort sumering av prosjektet, supplert med bilete for å dokumentere kunsten, eventuelt også anna dokumentasjonsmateriale.

3.5 Handsaming av tilbod om gåver eller kjøp av kunst til offentlege rom

- Ved førespurnadar til kommunen om mottak av kunstgåver, monument og skulpturar, skal kunstrådet gje ei vurdering av om gåve/objekt skal plasserast/utførast i det offentlege rom, og i så fall kvar.
- Kunstrådet skal stå for kvalitetssikring og gje råd til Utval for levekår om gåva/objektet skal vere ein del av kommunen si kunstsamling.
- Utval for levekår gjer vedtak om mottak av gåver.
- Gjevar som knyt krav til gåva, kan ikkje rekne med at kommunen kan rette seg etter absolutte krav, men vil så langt det er mogleg ta omsyn til realistiske ynskje.
- Lag, foreiningar og andre som ynskjer å plassere objekt i offentlege rom, skal vende seg til kunstrådet. Ved plassering av større objekt som kan påverke miljøet rundt, og der ein mellom anna må ta trafikale omsyn, skal kunstrådet legge saka fram for aktuelle kommunale etatar.

Sogndal, 07.02.2024